



Arkiv og museum

Tildelinger 2011



KULTURRÅDET
Arts Council
Norway



Kolonisering av Kola-kysten. Foto: Varanger museum.

Arkiv, e-kultur og museum

ABM-utviklings verksemd på arkiv- og museumsfeltet blei overført til Kulturrådet 1. januar 2011. Kulturrådet skal gi tilskot til og initiere eit vidt spekter av samarbeids- og prosjekttiltak innanfor museums- og arkivfeltet. Midlane er henta frå statsbudsjettet si post 77. Dei skal først og fremst brukast til eksterne prosjekt, men Kulturrådet har og høve til sjølv å initiere utviklingsprosjekt for arkiv- og museumssektoren, og har dette som eit viktig verkemiddel i rolla som utviklingsaktør for felta. Ein føresetnad for tildeling er at midlane

blir brukt til prosjekt som er nyskapande og har overføringsverdi til større grupper av institusjonar. Det er eit mål at mest mogleg av samlingane i museum og arkiv skal bli tilgjengelege for publikum på nettet. I tillegg til utviklingsmidlar blei det i 2011 og løyvd 9,4 millionar kroner til sikringstiltak i musea.

Fullmakta for prosjekt- og utviklingstiltak på arkiv- og museumsfeltet er lagt til direktøren for Kulturrådet.

Året i tall

AVSETNING

34 200 000 kr

SAMLET SØKNADSSUM


79 417 229 kr

ANTALL SØKNADER


212

ANTALL TILDELINGER

110




MIDLENE BLE FORDELT SLIK



Listen over alle tildelinger fra 2011 finner du på:
www.norskkulturrad.no/arsmelding

2011

Geografisk fordeling av midler





17. mai 1948 i Engelsborg borettslag. Arbeiderbladets fotoarkiv

ARKIV

Kulturrådet er strategisk utviklingsorgan på arkivfeltet, og har blitt gitt ei særleg oppgåve i å leggje til rette og koordinere arbeidet med privatarkiv utanfor Arkivverket, det vil seie i alle bibliotek, museum og ikkje-statlege arkivinstitusjonar som bevarer og formidlar arkiv frå privat samfunnssektor. Kulturrådet skal følgje opp dette ansvaret ved å fastlegge strategiar og resultatmål, utarbeide tilstandsrapporter og vurdere å foreslå tiltak for betre måloppnåing. Oppgåvene er hovudsakleg knytt til forvaltinga av post 77, prosjekt- og utviklingstiltak. Dette omfattar både eigeninitierte og eksterne prosjekt.

Musea spelar ein viktig rolle i arbeidet med privatarkiv og har nesten ein tredel av alle bevarte privatarkiv i Noreg.

Rapport om privatarkiv

Kulturrådet leverte i november 2011 ein rapport til Kulturdepartementet om privatarkivarbeidet: *Status for privatarkivfeltet og Kulturrådets arbeid med privatarkiv*. Rapporten skildrar bevaringssituasjonen, Kulturrådets rolle på privatarkivfeltet, status for nettverk og regionalt planarbeid og utfordringar og utvikling på landsplan dei to siste åra, inkl. resultat av den statlege støtteordninga for privatarkiv.

Privatarkiv i musea

Musea spelar ein viktig rolle i arbeidet med privatarkiv og har nesten ein tredel av alle bevarte privatarkiv i Noreg. Innsats i musea har derfor vore eit viktig verkemiddel i Kulturrådets arbeid på privatarkivområdet og er organisert i prosjektet Privatarkiv i musea. Som ledd i prosjektet har Kulturrådet initiert og finansiert samhandlingsplanar for privatarkiv i åtte fylke. Kulturrådet la frem sluttrapport for prosjektet med plandokument frå dei enkelte fylke i juni 2011.

Memory of the World

UNESCOs Memory of the World-program skal bidra til å verne og tilgjengeleggjere dokumentarv. Eit internasjonalt register over verdfull dokumentarv har eksistert i mange år. I 2010 blei det vedteke at det skulle lagast eit norsk Memory of the World-register over unik, norsk dokumentarv. Registeret fekk namnet Noregs dokumentarv og blei lansert hos Kulturrådet i februar 2012. Kulturrådet har hatt sekretariats-ansvaret for Den norske Memory of the World-komiteen. I 2011 blei det i hovudsak arbeid med å gjere ordninga og nominasjonsprosessen kjent og gå gjennom og lage innstillingar av dei 71 nominasjonsforslaga som kom inn.



Fotobevaring

Kulturrådet vidareførte i 2011 sitt nasjonale koordineringsansvar for fotobevaringsfeltet. I løpet av året har Kulturrådet delteke på to kontaktmøte for dei nasjonale ansvarsinstitusjonane, to møte i det nasjonale abm-nettverket for foto, gitt støtte til eitt regionalt fotosamarbeid (Oslobilder.no) og eitt prosjekt i regi av fotonettverket (Widerøes skråfoto tilbake til folket). Andre fototiltak i Kulturrådet må også sjåast i lys av dette koordineringsansvaret. Kulturrådet arrangerte den årlege Landskonferansen for foto i Ålesund i mai 2011. Tittelen på konferansen var "Kan jeg – bør jeg – tør jeg?". Tittelen spelte på temaet som var fotojuss. Ein stilte seg spørsmål om kva føringar lovverket legg på fotoarkivaranes praksis, og kva desse føringane har å seie for abm-sektoranes samfunnsoppdrag.

Arkiva i 2030

Kulturrådet har, som ein del av mandatet om å vere eit strategisk utviklingsorgan, gjennomført ein scenarioprosess for arkivsektoren. Tretti ressurspersonar frå arkivsektoren diskuterte seg hausten 2010 fram til fire moglege framtidsscenario. Heile prosessen blei forankra i alle delar av fagmiljøa og inkluderte også arkivdannarane i offentleg og privat sektor. Rapporten kom ut i 2011 og kan lesast på kulturrad.no


Arkivdagen

Arkivdagen i 2011 blei arrangert 12. november. Arkivinstitusjonar i heile Norden opna dørene sine for publikum. Dei kunne sleppe inn i magasina, høyre foredrag og besøke utstillingar med ukjende dokument og bilete. Temaet for arkivdagen skiftar kvart år og i 2011 var det protest. Kulturrådet var medarrangør og sto for produksjon av informasjonsmateriell og nettsider.

Arkiv

EKSTERNE PROSJEKT OG UTVIKLINGSTILTAK

På statsbudsjettet for 2010 blei det innført ei støtteordning for privatarkiv.



Vendepunkt

Prosjektet *Vendepunkt* er eit samarbeidsprosjekt mellom fire institusjonar på Arkivsenteret Dora i Trondheim, dramaturg Lene Helland Rønningen og forfattar Marte Huke. Det fekk 800 000 i prosjektstøtte i 2011. Den overordna visjonen for Vendepunkt er å utvikle nyskapande formidlingsformer for kulturarv, retta mot skolen. I løpet

av tre fasar over tre år skal kulturarv formidlast gjennom ulike kulturuttrykk til elevar i ungdomsskole og vidaregåande skole gjennom Den kulturelle Skolesekken (DKS). I tett samarbeid med arkivarar og historikarar gjekk Rønningen og Huke på skattejakt i arkiva i Dora. Bilete, lydopptak, politirapportar og journalhefte blei gjennomførte og danna grunnlaget for ei førestilling, skapt i samarbeid med ungdomar. Hausten 2010 tok Rønningen og Huke med seg arkiv-materiale ut til skolar i heile Trøndelag for å få innspel frå ungdomane på dei historiske kjeldene. Gjennom skriveoppgåver og dramaøvingar levde elevane seg inn i stoffet. Det resulterte i meir enn 1000 tekstar, i tillegg til bilete og videoopptak. Dette tok Rønningen og Huke med seg i arbeidet med teaterførestillinga som hadde premiere hausten 2011.

Ukjente gullgruve

Prosjektet *Personhistoriens ukjente gullgruve* skal gjere det mogleg for publikum å dykke ned i arkiv som har vore stengde fram til no, for å finne ut korleis forfedrene verkeleg hadde det. Prosjektet skal, med utgangspunkt i arkivmateriale frå Fattigvesenet, tilgjengeleggjere kjelder og formidle lagnadane til rundt 200 000 av Oslos fattige på 1800-talet og fram til 1930. Det handlar både om tilgjengelegging av samlingar, digitalisering av gammalt og skjørt materiale og nyskapande brukarmedverknad. Kulturrådet ga Oslo byarkiv 500 000 kroner i prosjektstøtte for 2011.

Hit! Her! Nå!

Prosjektet *Arkivdokumentasjon av nyere innvandring til Oppland* blei avslutta våren 2011 med rapporten: «Hit! Her! Nå! Hele verden i Oppland». I prosjektet ville ein samle historiene til nye opplendingar frå fleire verdsdelar. Historiene blei dokumenterte gjennom intervju. Det innsamla materialet består av historier og arkiv frå personar med bakgrunn i mange ulike land, men prosjektet har i særleg grad retta seg mot innvandrarar frå Nederland og Polen. Opplandsarkivet, avdeling Maihaugen har teke i mot arkiv frå enkeltpersonar og organisasjonar som ein del av prosjektet. Det er også produsert utstillingar og digitale forteljingar på grunnlag av det innsamla materialet. Kulturrådet har støtta prosjektet.

Støtte til privatarkiv

På statsbudsjettet for 2010 blei det innført ei støtteordning for privatarkiv. Kulturrådet hadde fire millionar kroner til fordeling. Totalt kom det inn 58 søknader om til saman 16,9 millionar kroner. 26 søknader blei innvilga. Ramma gjorde det nødvendig å stille strenge krav, og mange prosjekt som Kulturrådet vurderte som støtteverdige fekk ikkje støtte. Til tross for avgrensingane må resultatene av støtteordninga seiast å vere gode. Ordninga har gjort det mogleg å sikre og gjere tilgjengeleg eit utval arkiv av vesentleg betydning for forståinga av kultur og samfunnsutvikling.

Langesund Mekaniske

Telemark Museum fekk 100 000 i støtte frå støtteordninga for privatarkiv for å dokumentere verksemda til Langesund Mekaniske Verkstad. Verftets historie går tilbake til 1914 og museet har eit stort og tilnærma komplett arkiv etter bedrifta. Museet søkte om midlar for å ordne og katalogisere arkivet for seinare å formidle materialet digitalt.

Nestlé Norge

I 1898 investerte det sveitsiske selskapet Nestlé i Norge ved å kjøpe Kapp



Melkefabrikk (Østre Toten) og investerte i 1905 også i ei bedrift på Hamar. "Nestlé" har vore ei av Hamars mest sentrale og tradisjonsrike bedrifter. Då fabrikkene blei nedlagt i 2009/2010 var det slutt på eit markant og tidleg innslag av utanlandsk kapital og kompetanse i Innlandet. Statsarkivet i Hamar, Mjøsmuseet AS og Hedmark fylkesmuseum fekk 220 000 i støtte for å tilgjengeleggjere arkivmaterialet etter Nestlés verksemd. Det er eit mål å kople arkiv, foto og gjenstandar frå bedrifta i formidlingssamanheng, etter at arkiva er ordna og registrert i Asta.

- 01 Revolusjonsfanen fra Rjukan, Norsk Industrierbeidermuseum. Nominert til Norges dokumentarv
- 02 Prosjektet Vendepunktet Arkivsenteret Dora
- 03 Nestlé Norge - Hamaravdelingens arkiver. Statsarkivet Hamar. Foto: Mjøsmuseet AS, avd. Kapp.

E-KULTUR

Digitalt innhald, tenester og formidling

Gode nasjonale fellesløysingar og infrastruktur er ein føresetnad for god ressursbruk og utvikling av gode og innovative tenester. Kulturrådet har prioritert nasjonale fellesløysingar som Arkivportalen.no, Digitaltmuseum.no og Digitaltfortalt.no. Det er trong for meir digitalt innhald. Mange institusjonar og fylke har ved utgangen av 2011 lite innhald som kan danne basis for tenester til innbyggjarane. Aktiv formidling av det som er, vil stimulere til auka bruk og til prioritering av meir digitalisering og fleire tenester.

Hovudsatsingane på e-kulturfeltet i 2011 har vore vidareføring av arbeidet med nasjonale fellesløysingar og fokus på digitalt innhald.



Europeana

Kulturrådet har i 2011 hatt eit nært samarbeid med Europeana.org og Noreg har levert mykje data til denne portalen. I alt var det ved årsskiftet vel 20 millionar digitale objekt i Europeana. Av dette var om lag 1,3 hausta inn av Kulturrådet frå nasjonale fellesløysingar. Dette talet vil auke i 2012. Kulturrådet hadde ein sentral rolle i prosjektet EuropeanaLocal som vart avslutta i juli 2011. Målet med prosjektet var å sikre at regionalt og lokalt materiale vart ein viktig del av Europeana.

API og opne dataløysingar

Tanken med API er å opne sentrale innhaldstenester for direkte søk utanfor sjølve "hovudportalen". Til dømes kan ein hente data frå Digitaltmuseum.no utan at ein må søkje gjennom søketenesta der. Opne API er ein føresetnad for betre deling og integrering av informasjon. Slikt arbeid skjer og i Europeana.org. Kulturrådet har støtta utviklinga av slike API-tenester i Arkivportalen.no, Digitaltmuseum.no og Digitaltfortalt.no. Desse vil bli utvikla vidare i 2012.

Sosiale media

Sentrale styringsdokument strekar under at ny teknologi skal takast i bruk for å inkludere nye brukarar, skape dialog og nye møteplassar. Å få institusjonane til å ta sosiale media i bruk på eigne heimesider har vore viktig for Kulturrådet. Fleire institusjonar og prosjekt har fått støtte. Eit døme er ostfoldmuseene.no kor sosiale media er integrert som ein del av nettsidene og dialogen med publikum. Etter kvart er fleire institusjonar aktive på Facebook og Twitter og fleire bloggar er etablert. Kulturrådet har og teke

Kultur- og naturreise

1. september 2011 blei prosjektet Kultur- og naturreise sparka i gang med ei vandring langs Akerselva der statsrådene Anniken Huitfeldt og Erik Solheim var med. Ved hjelp av QR-kodar og punkt i digitale kart, kunne ein oppleve dei 35 forteljingane som lyd, tekst eller video på nettbrett eller smarttelefon. Kultur- og naturreise er eit fellesprosjekt mellom Riksantikvaren, Kulturrådet, Statens kartverk og Direktoratet for naturforvaltning. Målet med prosjektet er å finne ut korleis data i nasjonale fellestenester og i kulturinstitusjonar kan leggjast til rette slik at dei kan formidlast gjennom mobile og stadbaserte tenester. Målgruppene er mellom anna reisande med tog, buss, bil, turgåarar i natur og utmark eller dei som ruslar i byar eller tettstader. Ein viktig del av prosjektet er å kartleggje målgruppene sine behov og prøve ut ulike typar innhald i ulike kanalar som smarttelefonar og nettbrett. Data frå nasjonale fellesløysingar som Arkivportalen, Digitalt Museum og Digitalt fortalt vert sentralt innhald i prosjektet. Samspelet mellom digitale forteljingar og meir fagleg prega innhald vert ei viktig utfordring. Første del av 2011 vart nytta til å lage ein prosjektplan for prosjektet og samarbeidet. For 2012 og 2013 har det blitt valt ut tre pilotområde: Dovre, Akerselva og kommunane Bø og Sauherad i Telemark. Forprosjektet skal munne ut i ei tilråding til partnarane om korleis ei mogleg landsdekkjande satsing kan organiserast og gjennomførast.

Digitalt fortalt

Digital fortalt er eit verktøy for å byggje kompetanse i digital formidling, men og ein sentral metode i arbeidet med inkludering og brukarmedverknad. Det er og ein nettstad med forteljingar frå institusjonar og privatpersonar. Ved utgangen av 2011 hadde tenesta 1890 forteljingar. 1385 av desse var frå institusjonar og cirka 500 lagde

i bruk sosiale media i arbeidet med dialog og nettverksbygging retta mot institusjonane og andre samarbeidspartar som fylkeskommunar og regionale kulturnett. I 2011 vidareførde Kulturrådet kurs i bruk av sosiale mediar i ABM-sektorene. Denne kursrekkja har nytta eit bloggbasert kursopplegg for å styrke kompetansen om sosiale mediar i sektorane. Bloggen betasuppe.abm-blogg.no er eit e-læringskurs basert på sjølvstudium og samlingar.

Samarbeid med fylka

Kulturrådet samarbeider tett med fylkeskommunane når det gjeld e-kulturarbeidet. Kurs i digital historieforteljing og kurs i bruk av sosiale media er viktige virkemiddel for å skape meir innhald frå kultursektoren på nett, og det fører til auka kompetanse og motivasjon. Arbeidet med kurs i digital historieforteljing vart ført vidare i 2011 og nye typar kurs vart utvikla. Det er blitt valt ut 3 pilotområde: Dovre, Akerselva og kommunane Bø og Sauherad i Telemark. Forprosjektet skal munne ut i ei tilråding til partnarane om korleis ei mogleg landsdekkjande satsing kan organiserast og gjennomførast.



inn av privatpersonar. Nettstaden har hatt kring 140 000 besøk i 2011 og forteljingane har generert 1451 kommentarar frå brukarane.

I 2011 vart det arbeidd med å gjere tenesta best mogleg tilpassa bruk i prosjektet Kultur- og naturreise. Digitaltfortalt.no blir ein hovudkanal for forteljingar i prosjektet. Ein utarbeidde planar for nytt API, betre metadata, tilpassingar til mobile løysingar og ikkje minst tenester som gjer at lokale og regionale kartløysingar kan hente data frå Digitaltfortalt.no.

Kulturrådet har og planlagt og gjennomført ei workshop i bruk av digitale forteljingar med innsette på Hustad fengsel i Møre og Romsdal. Dette var eit samarbeidsprosjekt mellom Kulturrådet, den britiske organisasjonen STRETCH, Romsdalsmuseet og Kriminalomsorga. I 2011 fekk fleire ulike prosjekt midlar til å arbeide med digitale forteljingar i nye samanhengar.

Kunnskaps-organisering

Etter kvart som innhaldet i dei nasjonale fellesløysingane aukar, ser ein klårt trongen for å kunne knyta saman informasjon slik at brukarane får betre tenester. Innhald i Digitaltfortalt.no kan tematisk eller på anna vis hengje saman med innhald i Arkivportalen.no eller i Digitaltmuseum.no. Viktige stikkord er Linked Open Data og semantisk web. Kulturrådet samarbeidde med Nasjonalmuseet for å få deler av innhaldet frå Norsk Kunstnarleksikon organisert som Linked Open Data og få ein prototype på nettet. Den kom ut hausten 2011.

Kulturnett

I 2011 har Kulturrådet arbeidd vidare med å fornye Kulturnett.no og samarbeidet med dei regionale kulturnetta. Fleire tenester er avvikla eller lagde om og nye er komne til. Den viktigaste endringa er at data frå nasjonale felles-

løysingar, som Arkivportalen.no og Digitaltmuseum.no, blir kjernen i dei nye regionale netta. Data frå MUSIT (Universitetsmusea) er og inkludert i dei nye løysingane gjennom bruk av API. Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal tok i bruk den nye løysinga i 2011. Fleire vil kome i 2012. Det er og laga tilpassingar til mobile einingar.

1.september blei Kultur- og naturreise sparka i gang med vandring langs Akerselva der statsrådene Anniken Huitfeldt og Erik Solheim var med.



03

01 Akerselva digitalt. Teknisk museum og Oslo Museum. Foto: Oslo Museum

02 Tiedemanns reklame- og tobakksmuseum. Foto: Norsk Folkemuseum/Digitalt museum

03 Vandring langs Akerselva. Kultur- og naturreise

E-kultur

EKSTERNE PROSJEKT OG UTVIKLINGSTILTAK

Arkiv- portalen.no

Ved utgangen av 2011 inneholdt Arkivportalen.no materiale frå om lag 40 ulike arkivinstitusjonar og omfatta katalogopplysningar omkring 30 000 ulike arkiv. I 2011 har Arkivportalen.no blitt utvikla vidare, mellom anna med støtte frå Kulturrådet. Nye funksjonar er komne til. Det blei og utvikla ein app for bruk på Android, og ny app for Iphone vil kome i 2012.

Ei viktig utvikling for Arkivportalen.no har vore løysingar som involverer brukarane i arbeidet med innhald. Brukarane kan no hjelpe til med å registrere innhald i arkiva som til dømes saker i eldre møtebøker eller skrive av eldre dokument og gjere dei tilgjengelege for andre brukarar gjennom Arkivportalen.no.

Digitalt- museum.no

Ved utgangen av 2011 hadde Digitaltmuseum.no 376 000 besøk og nær ein million objekt fordelt på foto, gjenstandar, kunstverk, design og arkitektur. I 2011 blei kunstsamlingar ein del av Digitaltmuseum.no. KulturIT fekk omfattande støtte frå Kulturrådet i 2011. Støtta gjekk mellom anna til brukarmedverknad, at brukarane kan opprette eigne samlingar og dele desse med andre med same interesse. Kunnskapskjelder som Wikipedia blei og integrert og det same er forteljingar i Digitalt fortalt.

Stadnamn i Nordland

I løpet av ein 20-årsperiode er det samla inn 180 000 stadnamn og informasjon om stadnamn i Nordland fylke. I 2011 fekk Arkiv i Nordland 430 000 i støtte frå Kulturrådet for å leggje det store materialet til rette for publisering på Internett. Første fase har vore å koordinatfeste alle namna og vise dei på digitale kart på nettet. Neste fase blir eit interaktivt tilbod til publikum. Då kan publikum bidra med utfyllande opplysningar om namna som er på kartet, eller dei kan registrere heilt nye namn rett på kartet.

Gammel historie, ung stemme

Dette er eit historieformidlingsprosjekt i regi av IKA Trøndelag og støtta av Kulturrådet. Pilotprosjektet er eit samarbeid mellom Rørosmuseet, det lokale verdsarvrådet og Røros skole. 17 forteljingar produsert av 8. klasse ved Røros skole, er laga og lagt ut på Digitalt fortalt. Alle er laga og basert på personar og hendingar knytt til hus nr. 162 på Røros.

Akerselva digitalt

I dette prosjektet vil Norsk Teknisk Museum og Oslo Museum samarbeide med Intermedia (UiO) om å utvikle ein digital guide til ei industrihistorisk vandring langs Akerselva. Prosjektet vil etablere ein teknisk infrastruktur og gi forskningsbaserte testresultat med stor overføringsverdi til tilsvarande vandringer. I tillegg ønskjer musea å vere i tett dialog med bydel Sagene, som ledd i ei meir aktiv formidling av Akerselvas og Oslos arbeidshistorie. Kulturrådet løyvde 650 000 i støtte til prosjektet i 2011.

Semantisk samhandling

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane skal saman med Vestlandsforskning, Oslo byarkiv og Pop-senteret i Oslo kommune etablere eit semantisk fotografregister og knyte saman digitale foto ved Fylkesarkivet, Byarkivet og Preus fotomuseum. Det skal etablerast eit autoritetsregister for fotografar basert på fotografdatabasen ved Preus fotomuseum. Dette registeret blir utgangspunktet for samanknytning av fotografar og foto i ulike samlingar. Prosjektet skal demonstrere bruk av semantisk teknologi i kultursektoren og korleis



teknologien kan binde saman dagens isolerte dataøyer. Kulturrådet løyvde 400 000 i støtte til prosjektet i 2011.

01 Akerselva digitalt. Teknisk museum og Oslo Museum.
Foto: Oslo Museum

MUSEUM

Kulturrådet er fagleg rådgjevar i spørsmål som gjeld museumspolitikk generelt og det nasjonale museumsnettverket spesielt. Prioriterte område i 2011 har vore vurdering av dei faglege museumsnettverka og ein plan for samla koordinering og utvikling av museas samlingsforvaltning.

Kulturrådet

koordinerer rapportering og budsjettsøknader for de 70 musea i Det nasjonale museumsnettverket.

og seminar. Kulturrådet har også hatt dialog med andre departement, mellom anna delteke i prosjektgruppa om verdas kulturarv i regi av Miljøvern-departementet. Ferdig rapport blei levert til politisk leiing i departementet i 2011. Kulturrådet er, på grunn av dei store organisatoriske endringane, framleis berre i startfasen for utarbeiding av ein samla oppfølgingsplan for museumsmeldinga.

Museums-meldinga

Som departementets faglege rådgjeverar i spørsmål som gjeld museumspolitikkk har Kulturrådet, for å få god oversikt over tilstand og utfordringar i museumssektoren, gjennomført ei rekkje møte med museum og fylkeskommunar gjennom året. Statens museumspolitikkk har blitt presentert, ein har bistått i prosessar for konsolidering, hatt dialogmøte med fylkeskommunar, møte om investeringsøknader og halde museumsfaglege innlegg på ei rekkje møte

Faglege nettverk

Rapporten *Vurdering av faglige museumsnettverk* blei sendt til Kultur-departementet i juni. Rapporten er ledd i oppfølginga av museumsmeldinga og vidare utvikling av dei faglege museumsnettverka. I arbeidet med rapporten gjennomførte Kulturrådet separate møte med alle nettverksansvarlege. I tillegg blei spørjeskjema og museas årlege rapportering til departementet brukt som bakgrunnsmateriale. I rapporten skisserer Kulturrådet ei rekkje tiltak for å utvikle dei faglege museumsnettverka. Det blir anbefalt at arbeidet i nettverka blir stimulert og kvalitetssikra ved ei sterkare koordinering og tilrettelegging av ressursar. I

tillegg anbefaler Kulturrådet at det blir lagt opp til ei ekstern evaluering i løpet av tre til fem år.

Samlingsforvaltning

Kulturrådet starta i 2011 arbeidet med ein nasjonal plan for museas samlingsforvaltning. Det blei gjennomført ein konferanse og fleire seminar der relevante aktørar diskuterte utfordringane på feltet. Grunnlagsdokument for vidare utvikling av museas samlingsforvaltning blei leverte til departementet i juli. Planens ambisjon er å sikre, bevare og tilgjengeleggjere museas samlingar innanfor ein kunnskapsstyrt, føreseieleg, planmessig og bærekraftig drift.

Planen har følgjande hovudpunkt:

- oversikt over og kontroll med samlingane
- prioritering av samlingar og ressursbruk
- koordinert innsamling og ressursbruk basert på løpande oppdatert oversikt
- føreseieleg drift utan større etterslep
- naudsynt kompetanse/kapasitet i alle ledd
- investeringar i varige, felles løysingar innan magasin, IKT og kompetansemiljø

Bygningsvern

Kulturrådet arrangerte i mai eit to-dagars seminar om bygningsvern, med deltaking frå museumsnettverk og -miljø, Riksantikvaren og Kultur-departementet. Ein viktig plattform for samarbeid om bygningsvern er "Bygg og Bevar", der Kulturrådet sit i styringsgruppa. Viktige målsetjingar er å utvikle ein marknad for restaurering og rehabilitering av eldre bygg, heve kompetansen og interessa for tradisjonell byggekultur og formidle lokal eigenart og byggeskikk.

Kultur- historie

Arbeidsgruppa for samhandling og arbeidsdeling ved innsamling i kulturhistoriske museum avslutta arbeidet med ein rapport i 2011. Arbeidet hadde følgjande utgangspunkt:

- klargjere mål for dei kulturhistoriske museas innsamling
- sjå på innsamling som ein del av den totale samlingsutviklinga og samlingsforvaltninga
- sjå på organisering av samarbeid og arbeidsdeling for å motverke dobbeltarbeid, og få eit best mogleg resultat av den samla ressursbruken
- konkretisere problemstillingar knytt til innsamling av nyare kulturhistorisk materiale

Rapporten gir mellom anna ein analyse av museas planar for innsamling og dokumentasjon og tar opp ulike innfallsvinklar til arbeidet. Gruppa kjem med ei rekkje anbefalingar til korleis musea, Kulturrådet og Kulturdepartementet kan arbeide vidare med ei heilskapleg og betre koordinert innsamlingsverksemd. Arbeids-

gruppa rår musea til å prioritere kva dei ønskjer å ta inn i samlingane sine, og meiner det er avgjerande at musea kjem fram til tema og problemstillingar som gjer det mogleg å konsentrere seg framfor å gå breitt ut.

Rapporten er tilgjengeleg elektronisk på Kulturrådets nettsider. Det kjem og ein trykt kortversjon av rapporten som samanfattar anbefalingane.

Samisk kultur og mangfald

Nasjonalt samisk museumsnettverks store fellesprosjekt Samlingsforvaltning med fokus på samlingsplan blei ferdig i 2011. Resultatet ligg føre i rapporten *Retningslinjer for samlingsforvaltning* som vil gi betre grunnlag for meir systematisk arbeid med samlingane, og dermed betre bevaring og formidling av samisk kultur. PRIMUS – museas samlingsforvaltningssystem – er no tilrettelagt for dei samiske språka. Samiske museum deltek i rekrutteringsprosjektet Mangfald i musea og utstillingsprosjektet Spor på stedet, begge i regi av Nettverk for minoritetar og kulturelt

mangfald. Arran lulesamisk senter deltek også i Kulturrådets Bruddprosjekt. Sametinget og Kulturrådet møtes årleg, og Kulturrådet følgjer opp det samiske museumsnettverket, der RiddoDuottar-Museat er nettverkskoordinator.

Statistikk

Statistikken for 2010 blei samla inn i 2011 og omfatta alle arkiv- og museumsinstitusjonane i landet. 147 arkivinstitusjonar og 137 museum leverte statistikk i 2011. All statistikk-innsamlinga følgjer ein felles mal. Arkivstatistikken omfatta reine arkivinstitusjonar og museum som har oppgitt at dei oppbevarer ei arkivsamling. For å vere inkludert i museumsstatistikken må musea i prinsippet svare til ICOMs (International Council on Museums) definisjon av eit museum. I tillegg må museet ha halde ope i rapporteringsåret og ha minst eitt fast årsverk. "Statistikk for museum og arkiv 2010" blei publisert på Kulturrådets nettside.

Nasjonale nettverk

Kulturrådet koordinerer rapportering og budsjettsoknader for dei 70 musea i Det nasjonale museumsnettverket. I samarbeid med Kulturdepartementet utforma Kulturrådet målstruktur og indikatorar i museas tilskotsbrev. Rapportane frå musea la grunnlaget for Kulturrådets forslag til rapport for kap. 328 post 70 i statsbudsjettet, oversendt til Kulturdepartementet i juni. På bakgrunn av museas rapporteringar og budsjettsoknadar utarbeidde Kulturrådet i juni eit notat til Kulturdepartementet med vurdering av museumslandskap og enkeltmuseum. Vurderinga inngår i grunnlaget for Kulturdepartementets forslag til Stortinget om tilskot.



Statleg forsikring

Kulturrådet handsama fire søknader om statleg forsikring for lån av utstill - ingar frå utlandet i 2011. Kulturrådet brukar eit rådgjevande ekspertutval for vurdering av sikring, bevaring, trans - port og kontraktar. Innstillingane blei deretter sendt til Kulturdepartementet for avgjerd.

Sikringstiltak

Kulturrådet forvalta den statlege tilskotsordninga for sikringstiltak ved musea. Her kunne musea søkje om midlar og få dekkja inntil 60 prosent av kostnadane til førebyggjande tiltak knytt til brann, tjuveri og natur - katastrofar. Kulturrådet brukte eit fast, rådgjevande utval i arbeidet. Den økonomiske ramma for 2011 var på 9,403 mill. kr. Desse blei fordelt på 28 tiltak på 24 museum.

Nasjonale kulturbygg

Kulturrådet utarbeidde ei fagleg vurdering og prioritering av 13 investeringssøknader på kap. 320 post 73 Nasjonale kulturbygg. Vurderingane gjaldt museumsbygg, og blei gjort på bakgrunn av innsendte søknadar, synfaringar og dei aktuelle museas rapportering og budsjettssøknad.

Medverknad

I 2011 finansierte Kulturrådet eit nyskapande medverknadsprosjekt mellom Romsdalsmuseet og Hustad fengsel. Prosjektet gjekk ut på at dei

02 Romfolk i Oslo. Fotograf: Fredrik Birkelund/Oslo Museum



innsette på lukka avdeling i Hustad skulle lage små digitale forteljing ar baserte på museumsgjenstandar. Fengselsprosjektet har ført til meir samarbeid mellom Hustad fengsel og Romsdalsmuseet, der museet skal bidra til å utvikle eit fengselsmuseum basert på historiske gjenstandar som fengselet eig. Dei innsette medverkar mellom anna til registreringa av gjenstandar.

Kystkultur

Kulturrådet vidareførte i 2011 sektor - samarbeidet om kystkultur med Riksantikvaren, Kystverket og Fiskeri - direktoratet. Direktørane frå dei fire partane i sektorsamarbeidet møttes i september 2011 på Alnes fyr, Ålesund,

for gjennomgang og underskrift av handlingsplanen for 2011–2014. I 2011 ble Kystkulturkonferansen gjennomført i Trondheim med fokus på bl.a. kystkulturens rolle i innovas - jon og utvikling. For Kulturrådet har det vore viktig å få aktivisert og brukt museumsnettverka inn i kystkultur - prosjekta, og det er no etablert eit nært samarbeid mellom nettverka og dei fire etatane. Hovudsatsinga er ein serie forteljingar i hefteform, "Fortell - inger om kyst-Norge", der ulike sider ved kystkulturen blir skildra både i eit historisk og moderne perspektiv. Nettverka, med Museum Vest i spiss - en, står for produksjon og utgiving. Til no er det utgitt 11 hefte.

Samarbeidet om serien vil halde fram mot 2014.

Nasjonalt samisk museumsnett- verks store fellesprosjekt Samlingsforvaltning med fokus på samlingsplan blei ferdig i 2011.

Psykiatri- historie

Ei arbeidsgruppe leia av Kulturrådet har besøkt ti psykiatrihistoriske samlingar i Noreg. Dette resulterte i at ein rapport om tilstanden til samlingane blei gitt ut i 2011. Inntrykka varierte frå samling til samling, men felles for alle var mangel på ressursar og museumsfagleg kompetanse. Å gjere samlingane meir tilgjengelege er eit av tiltaka arbeidsgruppa foreslår.

Balansekunst

I 2010 starta Forsvarsmuseet i Oslo eit samarbeid med kunstnaren Morten Traavik. Prosjektet blei støtta av Kulturrådet og gjekk ut på at Traavik skulle vere huskunstnar på museet. Kunstverk og kunstnar møtte etter kvart sterk kritikk internt i Forsvarsmuseet, frå forsvarsleiinga og museumsvenner. I rapporten «Balansekunst» har Kulturrådet samla ein del av erfaringane dei ulike partane hadde med prosjektet.

Innførsel og utførsel

Kulturrådet er ansvarleg etter § 23 i Kulturminneloven, forskrift om utførsel og innførsel av kulturgjenstandar. Kulturrådet har saman med andre ansvarsinstitusjonar gjennomført fleire informasjonstiltak i 2011.

I januar 2011 arrangerte Kulturrådet saman med Riksantikvaren seminaret "Stop Heritage Crime".

Kulturrådet og National Heritage Board i Polen søkte og fekk 1,7





millionar kroner til eit prosjekt mot ulovleg handel frå det polsk-norske kulturutvekslingsfondet våren 2009. Målet er nettverks- og kompetansebygging mellom fagfolk som arbeider med dette feltet.

Ein sluttkonferanse for prosjektet blei arrangert av National Heritage Board i Warszawa. Hausten 2011 blei publikasjonen “Bekjemp kulturkriminalitet. Retningslinjer og anbefalingar”/”Stop heritage crime. Good practices and recommendations” med artiklar frå dei ulike workshops og sluttkonferansen utgitt. Kulturrådet har deltatt i den vitsskapelege redaksjonen for publikasjonen som er på polsk, engelsk og norsk.

03 Balansekunst. Erfaringer fra Forsvarsmuseets huskunstnerprosjekt. Åshild Andrea Brekke og Siri Slettvåg (red). Foto: Arne Flaaten

04 Psykiatrihistoriske arkiv og museer, samlinger og utstillinger. Foto: Henrik Treimo, Norsk Teknisk Museum/Nasjonalt medisinsk museum

Museum

EKSTERNE PROSJEKT OG UTVIKLINGSTILTAK

**Målet med
prosjektet Mangfald
i musea er å få
fleire personar med
minoritetsbakgrunn
inn i faglege stillingar
i musea.**

Gjennom dokumentasjon og formidling får romfolket fortelje sine egne historier og presentere sin kultur på sine egne premisser.

Mangfald i musea

Målet med prosjektet Mangfald i musea er å få fleire personar med minoritetsbakgrunn inn i faglege stillingar i musea. Sentralt står ideen om at musea sjølve blir styrka gjennom at minoritetar deltek. Prosjektet er todelt med ein praktisk hospiteringsordning og ein teoretisk innføringsdel. 2011 var det tredje året prosjektet fekk støtte av Kulturrådet, og i løpet av perioden

Sikring og bevaring

Kulturrådet støtta i 2011 fleire prosjekt innan samlingsforvaltning i musea. Det blei mellom anna gitt midlar til utvikling av standardar og retningslinjer for dokumentasjon og forvaltning av ulike typar samlingar. Det blei også gitt midlar til vidareutvikling av IKT-verktøy. Kulturrådet støtta også

utviklinga av verktøy for å hente ut statistikk på samlingar og samlingsarbeid, både i det enkelte museum og i det nasjonale museumsnettverket samla. IKT-satsingane blir vidareførte i 2012.

Romfolk i Oslo

Oslo museum fekk 600 000 i støtte frå Kulturrådet i 2011 for dette prosjektet. Det er første gong eit museum ser på romfolkets kultur og livsvilkår i Oslo i dag, og set dei inn i ein internasjonal og samfunnsmessig kontekst.



hadde meir enn 20 personar med minoritetsbakgrunn gjennomgått programmet. Mangfald i musea blir driva av Mangfaldsnettverket ved Oslo museum.

Historier ved bålet

Glomdalsmuseet fekk 230 000 kroner for å samle inn historier frå tateranes forteljartradisjon og presentere desse digitalt. Taterane/romanifolket har ein sterk forteljartradisjon. Historiene seier mykje om identitet, sjølvforståing, livsglede, samhald og humor og er ein viktig del av tateranes immaterielle kultur. Prosjektet Historier ved bålet er basert på tateranes eigne premissar, og er eit viktig bidrag i forhold til implementeringa av UNESCOs konvensjon om vern av den immaterielle kulturarven.

Kolonisering av Kola

Koloniseringa av Kola-kysten er ein relativt ukjent del av Noregshistoria som Varanger Museum IKS fekk 75 000 i støtte til å finne ut meir om. Målet er å lage ei fleksibel utstilling om emigrasjon, immigrasjon og kulturutveksling mellom folk i nordregionen, med fokus på dei gode relasjonane før landegrensene blei



splitta. Utstillinga blir og produsert for nett. I tillegg skal det skrivast ei artikkelsamling frå perioden 1860 til 1940. Prosjektet har etablert eit stort samarbeidsnettverk mellom ulike institusjonar i Noreg, Finland og Russland, og er eit positivt bidrag til Barents-samarbeidet.

Møte med minne

Norsk Telemuseum, Oslo Museum og Norsk Teknisk Museum fekk 250 000 i støtte til eit formidlingsopplegg for demente i 2011. Opplegget er laga i samarbeid med GERIA - Oslo

kommunes ressurscenter for demens og alderspsykiatri. Landets demensramma har få eller ingen kulturtilbod utanfor institusjonen i dag. Tilrettelagt omvising på musea kan gi demensramma gode opplevingar i ei trygg sosial ramme. Besøka gir ofte menneske med minnesvikt spontane gjensyn og påfølgjande minne om livet slik det var. I 2012 blei det gitt ut ei handbok i korleis ein førebuar eit besøk for personar med demens.

- 01 Kolanordmenn. Formidlingsprosjekt. Varanger museum
- 02 Møte med minner. Foto: Norsk Teknisk Museum

MUSEUM OG ARKIV - TILDELINGER 2011

FORVALTNING OG TILGJENGELEGGJERING AV SAMLINGAR

SØKER	PROSJEKTTITTEL	TILSKUDD
AKERSHUSMUSEET	PRIMUS FOR LEVENDE SAMLINGER	138 000
ARKIV I NORDLAND	KULTURINFORMASJON PÅ NETT	430 000
DIGITALTMUSEUM	NASJONALE AUTORITETSLISTER	650 000
HAUGALANDMUSEENE	PRIORITERING AV SAMLINGENE	180 000
HÅNDVERKSNETTVERKET MAIHAUGEN	AKTIVITETER FOR HÅNDVERKSNETTVERKET	100 000
KOMPETANSESENTER FOR MUSEUM OG ARKIV	FORVALTNING AV PRIVATARKIVER I VESTFOLDMUSEENE	350000
LOKALHISTORISK ARKIV I BERGEN	HISTORIENE OM FESTSPILLENE I BERGEN	350 000
MAIHAUGEN	SAMTIDSKODEN	300 000
MAIHAUGEN OG NORSK FOLKEMUSEUM	STATISTIKKMODUL FOR DIGITALTMUSEUM	425 000
MAIHAUGEN OG NORSK FOLKEMUSEUM	DIGITALTMUSEUM 3.0	550 000
MAIHAUGEN OG NORSK FOLKEMUSEUM	NASJONAL LØSNING FOR BRUKERMEDVIRKNING OG WEB 2.0	850 000
MIDT-TROMS MUSEUM/SØR-TROMS MUSEUM	FELLES MAGASIN TROMS	100 000
MUSEENE I SØR-TRØNDELAG (MIST)	NETTVERK FOR MAGASIN OG BEVARING, DIV.AKTIVITETER	145 000
MUSEUMSSENTERET I HORDALAND, NORSK TRIKOTASJEMUSEUM	FORVALTNING AV TEKNISK-INDUSTRIELLE SAMLINGER	300 000
NORSK MARITIMT MUSEUM	I KJØLVANNET AV BÅTER FRA BJØRVIKA	130 000
NORSK TEKNISK MUSEUM	KRAVSPEISIFIKASJON AV FELLES MAGASIN	500 000
OSLO BYARKIV, KULTURETATEN I OSLO KOMMUNE	PERSONALHISTORIENS UKJENTE GULLGRUVE	500 000
RANDSFJORDMUSEENE AS	LAVTERSKELMAGASIN OG FORMIDLINGSARENA	100 000
RIKSARKIVAREN	OPPFØLGINGSSYSTEM FRA ARKIVFANGST TIL DEPOT	650 000
VERDENSARVSENTER FOR BERGKUNST - ALTA MUSEUM IKS	FELLES LØFT FOR FINNMARKSHISTORIEN MED INNSAMLING	600 000

FORMIDLING OG DIALOG

SØKER	PROSJEKTTITTEL	TILSKUDD
BYMUSEET I BERGEN	DIGITALE FORTELLINGER FRA HÅKONSHALLEN PÅ ULIKE...	90 000
FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE	SEMANTISK SAMHANDLING I KULTURFORMIDLINGA	400 000
HEDMARK FYLKESMUSEUM AS, AVDELING GLOMDALSMUSEET	HISTORIER VED BÅLET	230 000
INTERKOMMUNALT ARKIV TRØNDELAG	GAMMEL HISTORIE, UNG STEMME	59 000
KULTURHISTORISK MUSEUM	HANDS-ON 3D-UTSTILLINGER	400 000
MAIHAUGEN OG NORSK FOLKEMUSEUM	DIGITALTMUSEUM OG MOBILE ENHETER	300 000
MUSEUM VEST	TELAVÅGTRAGEDIEN - EN VIRTUELL VANDRING	500 000
NORDISK KONSERVATORFORBUND - NORGE	NORDISK KONSERVATOR FORBUNDS XIX KONGRESS	140 000
NORD-TRØNDELAG FYLKESBIBLIOTEK	NY FORMIDLING OLAV DUUN	150 000
NORGES MUSEUMFORBUND SEKSJON FOR FORMIDLING	FRA HANDVERK TIL IMMATERIELL KULTUR	50 000
NORSK BERGVERKSMUSEUM	WORKSHOP/KURS I MINERALRESSURSERS GEOLOGI	50 000
NORSK FOLKEMUSEUM	FRA IDÉ TIL VITENSKAPELIG TEKST	80 000
NORSK PUBLIKUMSUTVIKLING	MUSEER OG VISUELLE KUNSTARENAERS KOMMUNIKASJON	100 000
NORSK TEKNISK MUSEUM	AKERSELVA DIGITALT	650 000
NORSK TEKNISK MUSEUM	MØTE MED MINNER. MUSEUMSTILBUD FOR DEMENS RAMMEDE.	250 000
NORSK TELEMUSEUM	FORT FRAM - DIGITALT FORTALT	65 000
OSLO MUSEUM	STØRRE MANGFOLD! HVILKE STRUKTURELLE HINDRINGER?	80 000
OSLO MUSEUM	HVORFOR HAR JEG IKKE LÆRT NOE OM DETTE?	400 000
OSLO MUSEUM	ROMFOLK I OSLO. DOKUMENTASJON, DIALOG OG FORMIDLING	600000
PERSPEKTIVET MUSEUM	ÅNDELIGE FELLESSKAP: DOK.- OG DIALOGPROSJEKT	250 000
ROCKHEIM, MUSEENE I SØR-TRØNDELAG AS	LOKASJONSBASERT APPLIKASJON FOR DELING AV STEDS- OG TIDSBASERT DATA/MATERIALE	87 000
ROCKHEIM, MUSEENE I SØR-TRØNDELAG AS	DIGITAL TIDSLINJE FOR NORSK POP- OG ROCKHISTORIE	173 000
VARANGER MUSEUM IKS	KOLONISERING AV KOLA-KYSTEN FRA 1860 TIL 1940	75 000
VERDENSARVSENTER FOR BERGKUNST - ALTA MUSEUM IKS	VEIVISER TIL NORGES BERGKUNST. SEMINAR I NORDLAND	50 000
ØSTFOLDMUSEENE	DIGITALE FORTELLINGER I SKOLEN	55 000

IGANGSATTE FLERÅRIGE PROSJEKT

SØKER	PROSJEKTTITTEL	TILSKUDD
HARDANGER OG VOSS MUSEUM	HARDANGERBRUA - ALLEREIE PÅ MUSEUM!	150 000
HARDANGER OG VOSS MUSEUM	FARTØYVERN PÅ MUSEUM	200 000
KOMPETANSESENTER FOR MUSEUM OG ARKIV	FODAK	400 000
MUSEA I SOGN OG FJORDANE, AVD. DHS/SF	NORGESGÅRDEN	400 000
MUSEUMSSENTERET I HORDALAND	EN NY ARBEIDSDAG - DIGITALE FORTELLINGER	575 000
NASJONALMUSEET FOR KUNST	NETTVERSJON AV NORSK KUNSTNERLEKSIKON	500 000
NASJONALT NETTVERK FOR BEVARING OG FORMIDLING AV KULTURHISTORISK FOTO	WIDERØES SKRÅFOTO TILBAKE TIL FOLKET	200 000
NORSK RETTSMUSEUM	GALSKAPENS FENGSEL	250 000
OSLO MUSEUM	OSLOBILDER.NO - OPPLEV OSLOHISTORIEN PÅ NETT!	370 000
OSLO MUSEUM	MANGFOLD I MUSEENE	800 000
RANDSFJORDMUSEENE AS	JERNVINNA I OPPLAND	250 000
STATSARKIVET I TRONDHEIM	VENDEPUNKT	800 000
STIFTELSEN ASTA	ASTA 5/ARKIVPORTALEN - GENERELLE UTVIKLINGSMIDLER	600 000
VEST-AGDER-MUSEET KRISTIANSAND	HIMMELEN OVER SØRLANDET	200 000
ØSTFOLDMUSEENE	SOSIALE OG MOBILE TJENESTER PÅ MUSEETS NETTSIDER	330 000

STØTTE TIL PRIVATARKIV

SIKRING OG TILGJENGELIGGJØRING

SØKER	SAKSTITTEL	TILSKUDD
ARKIV I NORDLAND	LOFOTENS KULTURHISTORIE	100 000
DRAMMEN BYARKIV	BEVARING AV BEDRIFTS-ARKIVET TIL AASS BRYGGERI	100 000
FYLKESARKIVET I SOGN OG FJORDANE	ARKIVET ETTER ROLF MYKLEBUST	100 000
NORSK TEKNISK MUSEUM	HJULA VÆVERIS ARKIV, DEL 2	200 000
PREUS MUSEUM	BILDER FORTELLER -	250 000
ROMSDALSMUSEET	SAKFØRAR SCHNEIDERS ARKIV	75 000
STATSARKIVET I KRISTIANSAND	SJØLINGSTAD ULDVARE- FABRIKS ARKIV	125 000
STATSARKIVET I OSLO	ARKIVET TIL SCHØYEN BILCENTRALER AS	150 000
TELEMARK MUSEUM	LANGESUND MEKANISKE VERKSTED	100 000
VESTFOLDMUSEENE IKS, AVD. SANDEFJORD-MUSEENE	SKIPSVERFTSARKIV AV NASJONAL BETYDNING	300 000
VEST-TELEMARK MUSEUM	ÅMDALS VERK GRUVER - ARKIVET FRAM I LJOSET	200 000
ØSTFOLDMUSEENE	TRÅDEN I ARKIVET, DEL 1 TRINN 2	200 000
ØSTFOLDMUSEENE - FREDRIKSTAD MUSEUM	PLANKEBYENS TRELAST - ARKIVER	100 000

DIGITALISERING

SØKER	SAKSTITTEL	BELØP
AKERSHUSMUSEET	FAMILIEN MATHIESENS FOTOGRAFISKE SAMLING	200000
HEDMARK FYLKESMUSEUM AS	FOLLDAL VERKS ARKIV	200000
MUSEET MIDT, AVD. NORSK SAGBRUKSMUSEUM	TILGJENGELIGGJØRING AV SAGBRUKSBEDRIFTS-	40000
NORSK INDUSTRIARBEIDER-MUSEUM	NØKKEL TIL VERDENSARVEN? TEGNINGS-	100000
NORSK SPEIDERMUSEUM	DIGITALISERING AV BILDER	30000
SÁMI ARKIIVA SAMISK ARKIV	INDUSTRIHISTORIE PÅ VIDDA	90000
STATSARKIVET I HAMAR	NESTLÉ NORGE - HAMARAVDELINGENS	220000
TELEMARK MUSEUM	NIELS AALL OG 1814	120000